

SAK 06/15 UTTALE; UTKAST NY POSTLOV

Saksopplysning

Regjeringa Stoltenberg II reservert seg mot ei innlemming av direktivet i EØS-avtala. Regjeringa ynskjer å innføre fri konkurranse innanfor post- og pakketenester. Det er derfor bestemt å oppheve reservasjonen mot EUs tredje postdirektiv. Samferdselsdepartementet har sendt utkast til ny postlov og postdirektiv på høyring med frist til å koma med uttale 26. januar 2015. Dagens lov er frå 1996. Føremålet med ny postlov er i følgje regjeringa å:

- gjennomføre EUs tredje postdirektiv
- oppdatere regelverket som følge av de endringer som har skjedd i postmarkedet siden forrige revisjon av postregelverket
- sikre en minimumsstandard for kommersielle tilbud av sikker digital posttjeneste hva angår sikkerhet og notoritet
- styrke brukernes rettigheter
- innarbeide relevante internasjonale forpliktelser i Verdenspostkonvensjonen

Dokument vedr. utkast ny postlov ligg [her](#).

Direktivet fullfører den gradvise liberaliseringa av postmarknaden som har skjedd i EU-området, og som Norge har vore med på gjennom å innlemme fyrste og andre postdirektiv i EØS-avtala. Tredje postdirektiv fører til full liberalisering av postmarknaden. I dag er det fri konkurranse for pakker og brev over 50 gram. Direktivet avskaffar postselskapa sin einerett til å frakte brev under 50 gram og til ein pris under to og ei halv gonger grunntaksten, som tilsvarar porto for eit 20-grams brev. Direktivet set krav om minst fem dagars postomdeling pr. veke og opnar for at ein kan halde fram med ordning om einingsporto.

Samferdselsdepartementet sine brekningar syner at staten sitt behov for støttekjøp frå Posten kan reduserast med anslagsvis 400 millionar kroner, dersom laurdagsomdeling blir avvikla. Det har over mange år vore registrert kraftige fall i talet på postsendingar, og støttenivået har auka. Regjeringa ynskjer derfor å redusere tale på omdelingsdagar frå seks til fem. Departementet foreslår at postomdeling på laurdagar ikkje skal vera ei leveringspliktig teneste. Det blir og hevda at likebehandling av aviser og øvrig post tilseier at også kravet om omdeling av aviser på laurdagar skal avviklast. Vidare blir bruk av nettaviser/elektronisk avis vurdert å føre til at behovet for og etterspørselen etter papiraviser blir redusert. Kostnadane for leveringsplikt for postombering av aviser på laurdag er anslått til 50 – 120 mill. kroner. Departementet ynskjer m.a. synspunkt på behovet for statleg kjøp av ei slik teneste. Det er derfor bedt om synspunkt på to alternative løysingar for laurdagsomdeling av aviser. I alternativ 1 blir det foreslått at laurdagsomdeling av aviser i områder utan eige avisdistribusjonsnett skal vera leveringspliktig. I alternativ 2 blir det foreslått at det ikkje er ei slik plikt. Alternativ 2 vil føre til at laurdagsomdeling av aviser berre vil skje på kommersielle vilkår.

Samferdselsdepartementet har også inkludert forslag til ei minimumsregulering av sikker digital postteneste, for å legge til rette for auka bruk av elektroniske posttenester med eit høgare sikkerheitsnivå enn alminnelig e-post. Departementet ber spesielt om syn på om ei slik regulering er føremålstenleg og egna til å fremme utvikling av sikre og gode digitale posttenester.

Forslag til uttale

Generelt

Regionrådet for Hallingdal kan ikkje sjå nokon gode grunnar til å gjennomføre EU sitt tredje postdirektiv og ber regjeringa om ikkje å ta inn EU sitt tredje postdirektiv som del av norsk lov. Den førre regjeringa brukte vetoetten i EØS mot direktivet, og det er vanskeleg å sjå at det har skjedd noko som gjer at det er grunn til å endre dette standpunktet.

EU har sjølv konkludert med at postdirektivet ikkje har gjeve billigare og betre tenester i EU-landa. Erfaringane frå andre land tyder på at full konkurranse på posttenester fører til at dei aller største bedriftene får redusert portoutgiftene, mens små og mellomstore bedrifter og befolkninga i det meste av landet får dårlegare og dyrare posttenester. Det blir altså ei konkurransevriding.

Regionrådet ser ingen gode grunnar for å sleppe til private aktørar til å ta seg av brevposten. På visse område er marknadsliberalismen ubrukeleg. Denne delen av posttenestene er eit døme på det. Framlegget til ny Postlov gjev dyrare og dårlegare distriktstilbod.

Distrikta

Gode posttenester i heile Norge er ein viktig del av infrastrukturen i samfunnet – viktig både for næringslivet og heile lokalsamfunnet. Post er nødvendig infrastruktur som gjer det mogeleg for folk og bedrifter i heile landet å handla og å kommunisera med kvarandre på like vilkår. Dårlegare og dyrare post-tenester, slik regjeringa har forslått i ny postlov, vil ramma folk og næringsliv i distrikta. Viss næringslivet vert svekka i distrikta, vert også grunnlaget for busetjing svekka. Ringverknadane kan verta store. Det vert dårlegare vilkår for alle som ikkje bur og jobbar i sentrale strøk.

Spesielt i distrikta har postombæringa også andre viktige bieffektar i forhold å gje innbyggjarane tryggleik i kvardagen, og dette er oppgåver som ikkje kan målast i kroner og øre. Posten utøver ein viktig samfunnsfunksjon, den er eit fellesgode.

Einingsporto

Posten må fram til alle og til same pris. Denne likskapen er viktig for eit grisgrendt og langstrakt land som Norge. Noreg må framleis ha einingsporto, lik over heile landet. Einingsporto syter i dag for lik pris på brev i heile landet, og at overskotet frå lønsame område gjev gode og likeverdige posttenester for alle. Dersom marknaden vert liberalisert vil einingsporto bli erstatta med makspris. Dermed kan me risikere å ikkje lenger få likeverdige tenester til lik pris i heile landet. Sjølv om einingsporto måtte fungere i dag utan at den er politisk vedteke er det ingen garanti for at det vil bli slik i framtida og må sikrast i postlova.

Å sleppe til private aktørar er ein trussel mot likskapsprinsippet. Private aktørar vil skumme fløyta i dei tett befolka områda medan Posten må ta seg av dei ulønsame områda – distrikts-Norge og utkantkommunane. Regionrådet for Hallingdal vil åtvare mot dei samfunnsmessige negative verknadane av ny postlov og full liberalisering av marknaden.

Postomdeling

Regionrådet for Hallingdal vil framheve betydninga av at distribusjon av post over heile landet 6 dagar i veka vert vidareført. Dette må gjelda for all postombering og ikkje berre for aviser. Det må vera eit berande prinsipp i postlova at innbyggjarane i Noreg skal få post alle kvardagar heile året levert til si heimeadresse. Unntaksreglane for dette må ikkje kunna fastsetjast i forskrifter eller i enkeltvedtak i Departement eller Direktorat.

Om regjeringa likevel skulle gjera endringar i postlova, ber Regionrådet for Hallingdal om at endringar i forslag til ny postlov og postforskrift blir utforma slik at viktige samfunnsøkonomiske omsyn vert ivartekne. Postomdeling knytt til særskilte tilhøve som t.d. distribusjon av medisinar og anna medisinsk materiell må bli sikra gjennom særlege heimlar eller avtalar.

Stortinget må bestemme Postpolitikken i Norge.

Postpolitikken må ikkje verta eit byråkratiske departementalt ansvar styrt av sitjande regjeringar. Dette vert lite forutsigbart og gjev usikre vilkår, særleg for distrikts-Norge.

Ål 24.1.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar